



KOPI

FLORA HAMN OG

NÆRING KF

MØRE OG ROMSDAL FYLKE - MR	
08/630	2025/08
21 JAN 2008	
N100	
Ark.kode S	
Avdeling	ADP Saksteh. KUL

Møre og Romsdal fylkeskommune v/ fylkesordfører Jon Aasen
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ fylkesordfører Nils R. Sandal
Hordaland fylkeskommune v/ fylkesordfører Torill Selsvold Nyborg

AFU

Vår ref.
07/1249-8/K1-//EIHJ

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 14.01.2008

KYSTVEGEN BERGEN - FLORØ - ÅLESUND


I samråd med kommunane på Søre Sunnmøre og Regionrådet for Nordhordland har ordførarane i alle kystkommunar i Sogn og Fjordane teke eit initiativ for å få kystvegen Bergen – Florø – Ålesund inn i NTP 2010 – 2019. Som kjent blei det ikkje noko kyststamveg i Sogn og Fjordane. Den eksisterande RV14 som går gjennom midtre og indre deler av fylket, blei omdøpt til E39. Kystregionen manglar framleis eit gjennomgåande samband som er eit hinder for utvikling i denne regionen.


Å knyte saman kysten gjennom Sogn og Fjordane, er ikkje noko gigantprosjekt. Deler av sambandet er på plass. To parsellar er alt inne på NTP. Enkelte stader er det behov for opprusting av eksisterande veg og på nokre stader manglar eit vegstykke. Vi er ikkje ute etter stamveg, men riksveg av tilfredsstillande standard.

Vi vonar at dei tre fylkeskommunane i fellesskap vil arbeide om å få tiltaket inn på NTP.

Med helsing
Arbeidsutvalet for kystkommunane i Sogn og Fjordane,

Bente Frøyen Steindal – Kåre Olav Svarstad – Arve Helle


Eivind Hjellum
Sekretær



Vedlegg: brosjyre

Postadr.:
Postboks 17
6901 FLORØ

Besøksadr:
Fugleskjærskaia

Telefon / faks:
57 75 67 40 /
57 74 09 16

Bankgiro:
3775 07 09002

E post:
postmottak@flora.kommune.no
Org.nr: 974 761 521 MVA

kystvegen

Ålesund

Florø

Bergen

Høylandet

Ålesund

Ulsteinvik

Måløy

Bremanger
Svelgen 

Florø

Askvoll/Fjaler
Lutelandet 

Hyllestad



Solund

Gulen

Sløvåg 

Mongstad 

Bergen





Sogn og Fjordane treng vekst i kystregionen!

Kystkommunane på Vestlandet er inne i ei positiv utvikling. Den sterke veksten i Vestland fylke nord og sør for oss, skuldast mellom anna kyststamvegen som knyter saman byar og bygder med bruer og tunnelar.

Kystregionen i Sogn og Fjordane har ikkje fått del i denne positive utviklinga. No trengst det eit krafttak for å skape vekst også i kystkommunane i vårt fylke. Ein kystveg gjennom Sogn og Fjordane er eit overkommeleg vegprosjekt som vil få store positive verknader. Kystvegen vil få stor verdi for både reiseliv, fiskeri og havbruksnæringa og gjere det mogeleg å skape ringverknader rundt industri- og tettstadane på kysten.

No må vi ta eit felles krafttak for kystkommunane i Sogn og Fjordane!

Fylkesordførar i Sogn og Fjordane

Nils R. Sandal

Nils R. Sandal

Fakta: Bremanger kommune

Bremanger kommune omfattar øyar og fastland. Innbyggartalet er ca 4.000. Administrasjonssenteret Svelgen ligg på fastlandet. Næringane i kommunen er fiskeri, fiskeindustri, turisme og smelteverksindustri. Elkem Bremanger produserar silisium metall som blir brukt i datamaskiner over heile verda.

Fakta: Flora kommune

Florø by vart grunnlagt i 1860 og var i mange år sildebyen i Sogn og Fjordane. No er den oljebyen i fylket. Folketalet er ca 11.300. Næringane i kommunen er fiskeri og havbruk, fiskeindustri, skipsbygging, turisme og forsynings-tenester for oljefelt i Nordsjøen. Flyplassen i Florø er den mest trafikkerte i fylket og har helikopterruter til Tampen området.

Fakta: Fjaler kommune

Jakob Sande sin heimkommune på sørsida av Dalsfjorden har i underkant av 3.000 innbyggjarar. Dale er kommunesenter. Fjaler har tradisjonelt vore eit industri- og jordbrukssamfunn, men har også rike kulturtradisjonar. I dag har kommunen eit avansert IT-miljø og eit internasjonalt skulemiljø (United World College).

Fakta: Askvoll kommune

Øykommunen Askvoll ligg mellom Førdefjorden og Dalsfjorden. Kommunen strekkjer seg heilt ut til øyane i Værandet og Bulandet som er eit av dei mest livskraftige fiskeværa i landet. Fiske, landbruk, turisme og industri er viktige næringar. Folketalet i kommunen er på om lag 3.100.

Fakta: Hyllestad kommune

Hyllestad er ein kystkommune ved munninga av Sognefjorden. Innbyggartalet er om lag 1.500, og dei viktigaste næringane er skipsbygging, fiskeoppdrett, tenesteyting og landbruk. Havyard Leirvik er største verksemda i kommunen og ei hjørnesteinsverksemd i HAFS-regionen.

Fakta: Solund kommune

Solund er den minste kommunen i fylket. Øykommunen med 1.700 øyar, holmar og skjer tel om lag 900 innbyggjarar. Kommunesenteret er Hardbakke. Fiskeri, havbruk og skipsverft er dei viktigaste næringane. Eit særmerkt kystlandskap og Utvær fyr med Noregs vestlegaste punkt, gjer at kommunen også er attraktiv som reisemål.

Fakta: Gulen kommune

Gulen ligg mellom Sognefjorden og Fensfjorden og grensar til Hordaland. Folketalet er ca 2.400, og kommunesenteret er Eivindvik. Dei viktigaste næringane i kommunen er havbruk, landbruk og industri. Nærleiken til Mongstad er og viktig for kommunen. Gulatinget er eit nasjonalt historisk minnesmerke.

Fakta: Vågsøy kommune

Vågsøy kommune i ytre Nordfjord. Kommunesenteret Måløy. Vågsøy kommune er største fi Fjordane. Fiskeindustri, skips fiskeflåten er viktige næringar notogibedrifter med utgangspunkt miljøet i kommunen. Fiskeridir for Vestlandet ligg i Måløy

Forskar Kjetil Sørli:

«Fellestrekk for vekstområda i Hordaland er at bruer og tunnelar har gitt kortare reisetid til næringsnæringa har skapt nye arbeidsplassar».

Vegprosjektet til kystkommunane mellom Bergen og Ålesund er eit langt rimelegare alternativ. Likevel kan denne kystvegen få store ringverknader for kommunane.

ord har ca. 6.100 innbyggjarar. Her har ca. 3.000 innbyggjarar. Sakerikommunen i Sogn og Reparasjon og service til men også avanserte teknikk i det sterke maritime sektoratet sitt regionkontor

Fakta: ytre søre Sunnmøre

Regionen «ytte søre Sunnmøre» omfattar kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven med over 25.000 innbyggjarar. I nord grensar regionen til Sula og Ålesund med til saman 49.000 innbyggjarar. Kommunane nord for Rovdefjorden representerar ei av dei sterkaste næringsklyngene i landet innan maritim industri. Regionen har gode samband nord og aust. Kystvegen vil bety mykje for for næringslivet i ytre søre Sunnmøre, utvide arbeidsmarknaden og skape ringverknader også i ytre Fjordane.

Fakta: Selje kommune

Selje er kystkommunen lengst nord i Sogn og Fjordane med ca. 3.000 innbyggjarar. Administrasjonssenteret Selje ligg midt i kommunen. Næringar i kommunen er landbruk, fiskeri/maritim sektor, industri, turisme, kontekstasjon, kunst og kultur.

Fakta: Nordhordaland

Nordhordlandsregionen består av kommunane Meland, Radøy, Austrheim, Lindås, Måsøy, Fedje og Modalen, med tilsaman nærare 30.000 innbyggjarar. Regionen grensar til Bergen med nær 250.000 innbyggjarar. Nordhordland er innbyrdes knytt saman med bruar og har ferjetilgang til Bergen over Nordhordlandsbrua. Industriutviklinga på Mongstad og nærleik til Bergen har skapt sterk vekst i regionen. Kystvegen vil utvide vekstregionen nordover og gjere det mogeleg å få ringverknader også til ytre Sogn og Fjordane.

GUNNAR DOMSTEIN

Adm. dir i
Norway Pelagic ASA:

Norway Pelagic er den største eksportøren av sild og makrell i verda. Selskapet har hovudkontor i Måløy, marknadsavdeling i Ålesund og produksjonsanlegg i fleire kystkommunar. Både transport og intern kommunikasjon mellom anlegga er viktige for å kunne utvikle konkurransedyktige bedrifter i denne regionen. Mangel på vegsamband langs kysten er ei stor ulempe for oss. Vi marknadsfører produkta våre over heile verda og har mellom anna behov for raskare samband til flyplass.



AGNAR STRØMSNES

Adm. dir i
Saga Fjordbase AS:

Saga Fjordbase AS utfører administrasjon, transport, lager, terminaltenester, vedlikehald og forsyningar til oljefelt i Nordsjøen, først og fremst i Tampen-området. Det nye gassfeltet Gjøa skal også forsynast frå Fjordbase. Det viktigaste for oss er å bringe varer og tenester raskt og sikkert fram til sluttbrukar og å kunne tilby eit breitt spekter av tenester gjennom basen. Vi får forsyningar frå leverandørar i inn og utland og er avhengig av rasjonell transport. Ein kystveg vil utvide arbeidsmarknaden og legge til rette for at bedrifter i andre kystkommunar også kan tilby leveransar til olje- og gassindustrien gjennom Fjordbase.




STEIN ARNE OTTESEN
Dagleg leiar i
Lutelandet Utvikling AS

Lutelandet Utvikling er eigd av fylkeskommunen og kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund. Hovudmålet er å utvikle industri på Lutelandet, som er eit over 3000 mål stort industriområde sentralt plassert nær store gassfelt og store mineralressursar. Her kan Norges CO₂-problem bli løyst. Skal Lutelandet bli realisert og fungere godt er ein avhengig av gode kommunikasjonar både på sjø og land. Ein kystveg vil vere særdeles positiv med tanke på transport, arbeidskraft, underleveransar og tenester som vi er avhengige av for at verksemder skal finne det aktuelt å etablere seg i denne regionen.



erliggende byar, på same tid som olje- og

tiv enn satsinga andre stader langs kysten.



UTFORDRING: Kystkommunane på Vestlandet er inne i ei positiv utvikling. Kyststamvegen er ein av fleire faktorar som har medverka til dette. I Sogn og Fjordane vart Stortinget å føre E39 gjennom fylket langs eksisterande RV14 i midtre og indre deler av fylket. Difor manglar det framleis internt samband i kystregionen i dette fylket. Kommunane framstår her som isolerte og sårbare småsamfunn som ikkje er attraktive verken for næringslivet eller for ungdom. Alle kystkommunar i Sogn og Fjordane, med unntak av Flora, har nedgang i folketalet, i kontrast til kystkommunane i dei andre fylka på Vestlandet. Vi trur ikkje det let seg gjere å snu den negative utviklinga, utan gjennomgripande tiltak.

KRAV: Kystkommunane mellom Bergen og Ålesund krev at det blir etablert samanhengande veg gjennom regionen. Vi krev ikkje ferjefritt samband, men tiltak som er særdeles moderate. Delar av sambandet er på plass. Andre deler er inne i Norsk Transport Plan, men på enkelte stader manglar det eit vegstykke, ei bru eller ei ferje. Saman vil desse skape eit heilt nytt samband gjennom regionen. **Vi krev at ein samla plan for kystvegen blir teke inn i NTP 2010-2019.**

Hareid kommune

www.hareid.kommune.no
Tlf 70 09 50 00

Vanylven kommune

www.vanylven.kommune.no
Tlf 70 03 00 00

Flora kommune

www.flora.kommune.no
Tlf 57 75 60 00

Solund kommune

www.solund.kommune.no
Tlf 57 78 62 00

Ulstein kommune

www.ulstein.kommune.no
Tlf 70 01 75 00

Selje kommune

www.selje.kommune.no
Tlf 57 85 85 00

Askvoll kommune

www.askvoll.kommune.no
Tlf 57 73 07 00

Gulen kommune

www.gulen.kommune.no
Tlf 57 78 20 00

Herøy kommune

www.heroy.kommune.no
Tlf 70 08 13 00

Vågsøy kommune

www.vagsoy.kommune.no
Tlf 57 84 50 00

Fjaler kommune

www.fjaler.kommune.no
Tlf 57 73 80 00

Regionrådet

Nordhordland IKS
www.nordhordland.net
Tlf 56 35 75 50

Sande kommune

www.sande-mr.kommune.no
Tlf 70 02 67 00

Bremanger kommune

www.bremanger.kommune.no
Tlf 57 79 63 00

Hyllestad kommune

www.hafs.no
Tlf 57 78 95 00

A til Å Reklametryk - www.artila.no

